

haarfagre samla fylki til eit rike *Norig*^{*)}; men samstundes minka han paa magti til dei store ætterne som fyrr hadde styrt. Mange vart daa misnøgde og siglde vestetter og herja sidan paa Norig. Men kong Harald samla ein stor her og for etter deim. Daa sette ei stor folkeskreid stemna mot Island, som var funne ei tid fyraat og hadde fenge sine fyrste norske nybyggjarar i 874, tvo aar etter slaget i Hafrsfjord. Tidi fraa 886—900 vart kalla *landnaamstidi*, for det var daa at dei fleste tok land (*nam land*) paa Island.

Vikingtidi med sitt eventyrliv, sine store hendingar og umveltingar, og med den gagnlege paa-verknaden utanfraa, mest fraa vesterlandi, sette kveik i folkehugen og vekte upp evnorne. Heile kulturen fekk ein annan svip; dei gamle mangslungne former laut vika for nye, meir einslungne og uvande, men ogso meir laglege aat folk og land. Det tek til aa veksa fram ein *ny kultur*, der gamalt og nytt, framande og heimlege former smelter saman i ei ny, heilstoypt *norsk form*, som fyre slutten av vikingtidi er tydeleg utskild fraa svensk og dansk. Dei folki fekk sine nye kultur-emne paa noko andre vegar enn nordmennerne.

Den daadrike vikingtidi var ogso rik paa skaldar, som kvad um gudar og kjempor og storverki deira. Desse kvadi gjekk fraa munn til munn og heldt seg i minnet ætt etter ætt. Mange av deim er enno til og er ei pryda for det norske bokrike. Her vil me berre minna um dei namngjetne *eddakvadi* og slike skaldar som egden *Tjodolv fraa Kvin*, helgelendingen *Oyvind Skaldaspiller* og islendingen *Egil Skallagrímsson*. Men med di

*) Norig kjem truleg av Norðrvegr, Norvegr, Noregr, d. e. landet paa Nordkanten.